

## **NYHENDEBREV FOR HØGSKULEN I VOLDA, NR 6/2020, 7. FEBRUAR**

Nyhendebrev frå rektor til tilsette og studentar ved Høgskulen i Volda.

Redaktør: Rektor Johann Roppen, [jr@hivolda.no](mailto:jr@hivolda.no).

[Arkiv med tidlegare nyhendebrev.](#)

## **STUDENTVEKA STARTAR NO! PREMIERE PÅ REVYEN 9. FEBRUAR**

Den årlege studentveka i Volda står for døra. I 2020 varer veka faktisk i to veker - frå 9. til 23. februar. Studentrevyen 2020: "Decennium" vert synt fram 9., 10. og 11. februar. Artistane som kjem til Volda tel blant andre kjende namn som Gabrielle, Lars Vaular og Vamp.

[Her er programmet for studentveka - på Facebook.](#)

## **"ALGESAU": FORSKINGSSAMARBEID PÅ AVDELING FOR MEDIEFAG.**

Kristian Fuglseth ved Avdeling for mediefag held fram samarbeidet om forskingskommunikasjon i lag med forskingsinstituttet NIBIO på Ås og Tjøtta. To masterstudentar skal samarbeide med Fuglseth og dei andre forskarane på prosjektet som har namnet ALGESAU og er finansiert av Landbruksdirektoratet. Det er første gong masterstudentar ved avdeling for mediefag gjennomfører eit slikt prosjekt.

## **TO KULL MED MASTERRETTEIARAR**

Høgskulen har no to parallelle kull med HVO-tilsette som kursar seg i "Rettleiing på masternivå", som er eit 5 studiepoengs tilbod i høgskulepedagogikk. Fagansvarleg er professor II Kari Søndena. Det er ca 20 deltakarar i kvart av dei to kulla. Tema som blir teke opp i kursa er blant anna "Den gode rettleiingssamtalen" og ulike rettleiingstradisjonar som er aktuelle for dei ulike studieprogramma ved høgskulen. Individuell rettleiing av studentar og kollegaretleiing er også sentrale tema.

## **ANIMASJON: MORTEN SKALLERUD ER GJESTELÆRAR I EKSPERIMENTELL ANIMASJON**

Førsteårsstudentane på animasjon (AMF) har den kjende norske animatøren Morten Skallerud, som gjestelærarar dei to første vekene i februar. Han held eit kurs i eksperimentell animasjon, og studentane sine filmar vil bli synt fram fredag 14. februar. Skallerud har vore sentral i dei nye Flåklypafilmane og filmen Hakkebakkeskogen og arbeider til dagleg i [Qvisten animasjon](#).

## **OVER 80 STUDENTAR DELTOK PÅ JOBBØKARKURS**

Ved høgskulen vart det arrangert jobbsøkarkurs 4. februar. Studentparlamentet og LO Møre og Romsdal stod for gjennomføringa og møtte eit interessert publikum på heile 80 studentar. Tidlegare har det vorte arrangert slike kurs på avdelingar og i fagmiljøa, men dette var kanskje det første felleskurset av sitt slag på høgskulen. Det vil truleg bli arrangert fleire slike kurs sidan det var så stor interesse. Det er veldig kjekt at initiativet kom frå studentane: Masterstudent Helen Lund Fossli på Master in Media Practises foreslo dette overfor sitt fagmiljø der førstelektor [Lars Julius Halvorsen](#) tok ballen vidare - og med godt resultat.

## **PUBLISERING (1): VATTØY, MÅSEIDVÅG OG MORK ROGNE I "STUDIES IN HIGHER EDUCATION"**

Kim-Daniel Vattøy, Siv Måseidvåg Gamlem og Wenke Mork Rogne, alle AHL, har publisert ein artikkel i tidsskriftet, Studies in Higher Education. Tittelen er: "Examining students' feedback engagement and assessment experiences: a mixed study", og [her er lenke til artikkelen](#).

## **PUBLISERING (2): ÅSMUND SVENDSEN-BIDRAG I ANTOLOGI**

Åsmund Svendsen, ASH, har skrive kapittelet "Christianiseringen i arkivet" i ein nypublisert antologi om museumsmannen og historikaren Yngvar Nielsen. Boka heiter: "En Trængslernes historie" og er gjeven ut på Orkana forlag. [Her er lenke til boka](#).

## **PUBLISERING (3): NY BOK MED VOLDA-BIDRAG: "JOURNALISTIKK, PROFESJON OG ENDRING"**

Professor Paul Bjerke ved Avdeling for mediefag er ein av tre redaktørar av boka: "[Journalistikk, profesjon og endring](#)" som nett har kome ut på Orkana forlag. [Paul Bjerke](#), professor [Svein Brurås](#) og førsteamanuensis [Idar Flo](#) har også skrive fleire av artiklane i boka. [Les omtale av boka på våre nettsider.](#)

#### **FORMIDLING: DØSSLAND OG LØSETH OM KYSTHISTORIE**

Historieprofessorane Atle Døssland og [Arnljot Løseth](#) har halde føredrag om kysthistorie i Ulstein og Giske. Føredraga har hatt utgangspunkt i storverket "[Norges fiskeri- og kysthistorie](#)" som Døssland og Løseth var viktige bidragsytarar på. [Les meir på våre nettsider.](#)

#### **KURS I SKRIVING AV EU-SØKNADER PÅ NTNU ÅLESUND 25.-26. FEBRUAR**

Forskningsrådet og NTNU held kurs i søknadsskriving til EU (Horisont 2020) på NTNU Ålesund 25.-26. februar. Kurset tek spesielt føre seg dei tre prosjektypane Innovation Action (IA), Research and Innovation Action (RIA) og Coordinating and Support Action (CSA). Kurset er praktisk retta, mynta på forskarar og forskingsadministratorar. Det vert halde på engelsk og det er ikkje eit krav at ein har skrive EU-søknader tidlegare. Kurset er gratis for dei som deltek, men dei som melder seg på men ikkje møter opp må betale kr 1.000. Mykje av det ein lærer på eit EU-kurs også vil kunne nyttast når ein søker støtte frå Forskningsrådet sine egne program. [Meir informasjon og påmelding.](#)

#### **PÅMINNING: INTERNASJONAL VEKE OG INTERNASJONAL DAG**

Komande veke er internasjonal veke og eit høgdepunkt er "Internasjonal dag" onsdag 12. februar. Eit særleg trekkplaster med internasjonalt preg er kjærasteparet bak NRK-serien Hotell Kash King: Anoushka Nordby og Kash King. 10-15 internasjonale universitet har også turen til Volda for å bli kjent med studiebygda - og vi med dei. [Les meir om Anoushka og Kash og internasjonal dag.](#)

#### **STUDENTREKRUTTERING: 52 GODE GRUNNAR TIL Å VELGJE VOLDA**

Her kan du bla i den nye Volda-kortstokken og finne [52 gode grunnar til å studere ved Høgskulen i Volda](#). Kortstokken vert også presentert på [høgskulens Instagram-konto i tida framover](#) der det først og fremst er studentambassadørane som syner fram studiekvardagen i Volda - med to studium pr veke.

#### **LEDIGE STILLINGAR (1): 19 LEDIGE STILLINGAR VED HØGSKULEN I VOLDA**

Våren er tid for tilsetningar ved Høgskulen i Volda, og pr i dag er det heile 19 ledige stillingar ved høgskulen. Det er både lærlingestillingar, administrative stillingar og faglege stillingar på mange av våre fagområde. Her er alle stillingstypane vi treng gode folk til: Verksmeister, prosjektstilling kunst/handverk, lærling i IKT servicefag, førstekonsulent/seniorkonsulent på mediefag, økonomimedarbeidar i fellesadministrasjonen, produsent for kunstproduksjon, høgskulelektor i kroppsøving, førsteamanuensis i friluftsliv og idrett, associate/assistant professor in English, ph.d.-stipendiatar i: Leiing, nynorskopplæring, norsk (nordisk) språkvitskap, lærarutdanning - og så har vi inntil 4 opne ph.d.-stipend. [Sjå alle våre ledige stillingar.](#)

#### **LEDIGE STILLINGAR (2): AASEN-TUNET: LEDIG STILLING SOM NYNORSK-FORSKAR**

Stiftinga Nynorsk kultursentrum har lyst ut stilling som forskar II og søker etter forskar som vil bidra til auka forskning på nynorsk skriftkultur. Søknadsfrist er 30. mars. Forskaren som blir tilsett kan ta utgangspunkt i samlingane i Ivar Aasen-tunet, Olav H. Hauge-senteret eller den nye utstillinga planlagt ved Vinje-senteret under Nynorsk kultursentrum, men står fritt til å utarbeide egne forskingsprosjekt. Forskaren skal bidra til å utvikle kvaliteten og omfanget av forskinga som går føre seg i stiftinga. [Les meir om stillinga på Nynorsk kultursentrums nettstad.](#)

#### **OPPRYKK FOR ANDRE FOLKESTAD**

Andre Folkestad ved journalistikkutdanninga har vorte tilkjent kompetanse som høgskulelektor. Kompetansen er tilkjent på kunstnarleg grunnlag, særleg at han har vore produsent og regissør av ei rekkje dokumentarprogram for film og fjernsyn. [Andre Folkestads nettside på hivolda.no](http://www.hivolda.no).

### **NYTT OM HVO-TILSETTE**

Høgskulen i Volda har med ca 350 årsverk fleire tilsette enn nokon gong, og det skjer mange endringar i staben heile året. På lista nedanfor står berre personar som har fått faste tilsettingar eller vorte tilsette i årsengasjement/vikariat siste månad. Tilsette med engasjement/vikariat i kortare tid står ikkje på lista. Heller ikkje tilsette som har slutta etter kortvarige vikariat og engasjement. Vi ønskjer alle nye tilsette velkomne og ønskjer dei lukke til i stillingane sine.

[Terese Hole](#) har teke til i heil fast stilling som rådgjevar på økonomikontoret.

[Guro Gjøsdaal](#) har teke til i heil fast stilling som høgskulelektor på nynorsksenteret.

### **MØTE, SEMINAR OG ANDRE AKTIVITETAR I 2020**

[Oversyn over møte og sakspapir til dei mest sentrale råd og utval ved HVO.](#)

[Sjå også datoar for festivalar på Festivalforum for Søre Sunnmøre](#)

12.2.2020: [Internasjonal dag.](#)

21.2.2020: Disputas, [Anne Randi Fagerlid Festøy](#), Høgskolen i Innlandet

24.2.2020: Høyringsmøte om [nye språkpolitiske retningslinjer for Høgskulen i Volda](#)

27.2.2020: HMS-dag.

5.3.2020: Styremøte 1/2020

9.-10.3.2020: [Nasjonal PPU-konferanse: "Lærarkvalifisering for framtida"](#)

18.-19.3.2020: Seminar for alle administrativt tilsette, Loen

19.-20.3.2020: Nasjonalt nettverk for rettleiing av nyutdanna lærarar, samling på HVO

24.-25.3.2020: Avdelingsseminar AMF

25.-26.3.2020: Solstrand-seminar. UH Nett Vest

26.-27.3.2020: Avdelingsseminar ASH

30.-31.3.2020: [Seminar: "Digital skaparkraft og dømmekraft"](#)

14.-15.4.2020: Avdelingsseminar AKF

20.-22.4.2020: [It's Volda](#), internasjonal studentkonferanse

23.-24.4.2020: Skuleleiarkonferanse, Molde

23.4.2020: Styremøte 2/2020

28.-29.4.2020: NOKUT-tilsyn, institusjonsbesøk

11.6.2020: Styremøte 3/2020

18.-19.6.2020: [Fjordkonferansen 2020](#)

8.-19.6.2020: SEANSE: Kunstnaropphald

18.8.2020: Studiestart, studieåret 2020-2021

### **LEDIGE STILLINGAR VED HØGSKULEN I VOLDA**

<https://www.hivolda.no/stilling>

### **REKTORBLOGGEN**

[Alle blogginnlegg](#)

### **HVO PÅ SOSIALE MEDIA MM.**

[Facebook](#)

[Instagram](#)

[Youtube](#)

[HVO-blogger](#)

[Nynorsksenterets blogg.](#)

[Løpande oppdatering av strømprøduksjonen i solcelleanlegget](#)

[Nytt om bygging av nytt mediehus](#)

[Nytt om bygginga av Volda Campus Arena \(Volda kommune\)](#)

[Volda Campus Sparebank1 Arena: Minutt-for-minutt-bilde](#)

[Studentheimane på Heltne: Minutt-for-minutt-bilde](#)

[Mediehuset: Minutt-for-minutt-bilde](#)